



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 345/35 - Vikebø - parkeringsplass - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 17.11.2020. Saka gjeld Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av parkeringsplass på ca. 190 m<sup>2</sup>, etablering av ny vegtrase til eksisterande bustad, flytting av avkøyrsløse frå kommunal veg. Tiltaket krev dispensasjon frå 100-meters belte langs Rylandsvassdraget og frå planføremaal LNF og frå offentleg-privat tenesteyting i kommunedelplanen for Meland.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag og kommunen må vurdere dispensasjonen opp mot rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Vi viser til at ein skal unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø jf. punkt 3a i rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Vegen vil krysse eit grønt område mellom skulen og bustaden. Noko av arealet er definert som overflatedyrka mark. Fylkesmannen meiner det er uheldig å omdisponere dyrka mark, sjølv om den ikkje ligg på ei landbrukseigedom. Vi viser til at det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

Kommunen må elles vurdere verknaden for landskap og friluftsliv. Etter det vi kan sjå er området vidare ut på neset i stor grad privatisert noko som gjer det viktig å ta vare på dei områda som ikkje er det. Kommunen må vurdere om ny privat veg over område vil auke privatiseringa og gå på kostnad av bruk eller potensiell bruk av området. Vi viser elles til at tiltaket ikkje må føre til uheldig avrenning til vassdraget.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN